

REFERAT FRÅ MØTE I KOORDINERINGSGRUPPA UTVIKLINGSPLANEN

DATO: 04.01.2018

STAD: Skype

NAMN	Stilling	FUNKSJON	TILSTADES	FORFALL
Lena Bjørge Waage	Rådgivar seksjon for samhandling, fagavdelinga	Prosesskoordinator/leiar sekretariatet	x	
Anne Strand Alfredsen Larsen	Strategirådgivar seksjon for helsetenesteutvikling, fagavdelinga	Prosesskoordinator		x
Trine Kvalheim	Kommunikasjonsdirektør	Medlem	x	
Audun Krøvel	Spesialrådgivar teknologi og utvikling, klinikk for drift og eigedom	Medlem	X	
Kari Marie Remø Nesseth	Avdelingssjef tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB), klinikk for psykisk helse og rus	Medlem		x
Manuela Strauss	Avdelingssjef psykisk helsevern barn og unge, klinikk for kvinner barn og unge	Medlem		X
Inge Lode	Avdelingssjef radiologi Ålesund og Volda, klinikk for diagnostikk	Medlem	X	
Hans-Christian Ofstad	Prosjektleiar SNR	Medlem		x
Trine Sperre	Seksjonsleiar budsjett og analyse, økonomiavdelinga	Medlem	X	
Berit Teige	Forskingssjef forskning, innovasjon og utvikling, fagavdelinga	Medlem		x
Øyvind Eriksen	HR-rådgivar HR-avdelinga	Medlem		x
Øystein Lian	Seksjonsleiar ortopediske legar Kristiansund, klinikk for kirurgi	Medlem (gjekk ut av gruppa 05.10.17)		
Kristen Rasmussen	Avdelingssjef AMK, luftambulans og pasientreiser, klinikk for akuttbehandling	Medlem		x
Knut Nautvik	Sjukehuskoordinator Volda	Medlem	X	
Anita Skarshaug Kvendseth	Sjukehuskoordinator Molde	Medlem	X	
Jan Ove Gravdal	Klinikk for medisin	Medlem	x	

AGENDA

- **Status utviklingsplan**
 - Referat frå styringsgruppemøte 19. desember
 - Høyring
 - Vidare tidsplan/aktivitetar
- **Orientering om utgreiing av tilbod for PET**
- **Evt**

1. Status utviklingsplan:

a. Referat styringsgruppemøte 19. desember:

Styringsgruppa er leiargruppa pluss tillitsvalde og verneteneste. Semco var også tilstade i dette møtet. Referat ligg på området til utviklingsplanen på nettsida til HMR (www.helse-mr.no/utviklingsplan). Styringsgruppa støtta endring i mandat til koordineringsgruppa, og endeleg mandat er no følgjande (endringa frå styringsgruppa er merka i blått):

- Rapporterer til styringsgruppa
- Skal i hovudsak arbeide på systemnivå
- Skal bidra i arbeidet i dei sakene som gjeld fleire klinikkar (I eit føretak- og sjukehusperspektiv)
- Vere bindeledd mellom den enkelte klinikk og styringsgruppa
- Kome med bidrag til tema i utviklingsplanen til styringsgruppa
- Bidra til koordinering mot SNR og bygningsmessig utviklingsplan.
- Gruppa skal supplerast med aktuell fagleg kompetanse i saker der det er behov for det
- Arbeidet med utviklingsplanen må sjåast i samband med langtidsplan/langtidsbudsjett

Styringsgruppa presiserte også at det siste kulepunktet i mandatet er særskilt viktig.

b. Høyring:

Pr. no er det registrert 98 høyringssvar fordelt på tre kategoriar:

- Offentlege organ og organisasjonar
- Interne klinikkar, avdelingar, seksjonar og tilsette
- Andre aktørar

Den 3. januar blei det publisert ei sak på intranett og internett som informerer om tal høyringssvar og som lenker inn til å lese høyringsdokument og –svar. [Les saka her.](#)

Fram mot styringsgruppemøte den 9. januar skal ein trekke ut hovudessensen av høyringsinnspela. Deretter skal innspela kategoriserast, ein skal vurdere justeringar i utviklingsplanen, og utarbeide eit samandrag av hovudtrekka i høyringsinnspela.

c. Vidare tidsplan/aktivitetar:

- Møte i styringsgruppa for utviklingsplan, 9. januar
- Dialogmøte om den bygningsmessige utviklingsplan med tilsette, tillitsvalde og verneombod. Blir gjennomført i Volda og Ålesund den 16. og 17. januar.
- Møte med tillitsvalde 18. januar
- Dialogmøte nr. 4 med med kommunane 19. januar. Tematikk er både utviklingsplan og SNR.
- Møte i styringsgruppa for utviklingsplan, 6. februar
- Styremøte HMR 21. februar, med behandling av ferdigstilt utviklingsplan 2019- 2022
- Frist for innsending til HMN, 1. mars

2. Orientering om utgreiing av tilbod for PET

Utgreiing av etablering av eit PET tilbod i HMR ved Ålesund sykehus er ein av delrapportane i utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal 2019-2022.

Inge Lode (avd.sjef radiologi Ålesund og Volda), orienterte om innhaldet i utgreiinga. Han fortalde korleis PET-teknologien fungerer, og gikk m.a. inn på skilnader mellom nukleærmedisin vs radiologi. Bruk av PET-CT er aktuell innan kreftdiagnostikk/-oppfølging, stråleterapi, betennelsestilstandar, hjerte og nevrologi. Lode gikk også gjennom tilgjengelegheit og bruk av PET i Norge og Sverige (PET-buss, stasjonær). I utgreiinga har ein sett på framtidig behov, og har kome fram til eit nøkternt esitmat på 500-600 undersøkingar pr. år, noko som tilseier ein PET-CT i HMR. Kostnad ved etablering og bruk ble også gjennomgått. [Les utgreiinga her](#). [Sjå presentasjon \(lenke\)](#).

3. Eventuelt:

- **Bygningsmessig utviklingsplan - innspel på korleis vi skal informere om arbeidet**

Før jul blei arbeidet med den bygningsmessige utviklingsplanen satt midlertidig på vent. Den bygningsmessig utviklingsplanen skal seie noko om korleis bygg og infrastruktur må tilpassast den faglege utviklinga. Planen var at arbeidet med den overordna og fagleg retningsgivande utviklingsplanen og bygningsmessig utviklingsplan skulle skje parallelt og leggst fram for styret 25.oktober, men i starten av oktober såg ein at arbeidet med den bygningsmessige utviklingsplanen måtte settast på vent. Grunnane til dette var m.a.:

- Forslaga skulle samstemmast med den faglige utviklingsplanen som skulle ut på høyring
- Forslag til endringar som ikkje var realistiske eller aktuelle å arbeide vidare med måtte ut
- Tiltak måtte sjåast opp mot økonomi og langtidsbudsjett
- Innspel frå organisasjonen på at prosessane med tanke på forankring og involvering burde bli betre

Status pr. no:

Arbeidet blei starta opp igjen før jul, og den 16. og 17. januar skal det vere dialogmøter i Ålesund og Volda. Møta er organisert etter om lag same mal som dei sjukehusvise møta vi hadde for den overordna utviklingsplanen før jul, der klinikksjefane peikar ut tilsette som skal delta, og tillitsvalde og verneombud blir peika ut av FTV og HVO.

Komm.avd. ønskjer innspel på korleis helseføretaket bør informere om arbeidet med den bygningsmessige utviklingsplanen. Det er m.a. planlagt ein artikkel på intranett (og truleg på nett) i slutten av neste veke som skal fortelle om status i arbeidet og tidsplan framover. I tillegg vil det bli informert gjennom leiarlinja.

Konklusjon:

Artikkel som skal publiserast blir sendt ut til koordineringsgruppa på førehand slik at ein kan få innspel på korleis vi skal formidle dette til tilsette og samfunnet rundt oss.

Andre innspel kan sendast til Trine Kvalheim.